

LOVNORM FOR IDRETTSKRETSE

Vedtatt av Idrettsstyret 131223 med ikrafttredelse 010124.

LOV FOR VESTLAND IDRETTSKRETS

Sist endra av kretsstyret 5. mars 2024

§ 1 Formål og oppgaver

- (1) Idrettskretsen er eit felles organ for idretten innan sitt geografiske område.
- (2) For reglar om idrettskretsen sine oppgåver og myndigheit, gjeld [NIFs lov § 5-2](#), samt [NIFs lov §§ 2-2](#) og [2-3](#).
- (3) For reglar om idrettskretsen sin plikt til å overhalde NIFs regelverk og vedtak, gjeld [NIFs lov §§ 2-2](#) og [2-3](#).

§ 2 Kjønnssfordeling

For regler om kjønnssfordeling i styre, utval mv. og ved representasjon til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd, gjeld [NIFs lov § 2-4](#).

§ 3 Reglar om stemmerett, valbarheit, forslagsrett mv.

For reglar om stemmerett, valbarheit og forslagsrett, gjeld § 9 og [NIFs lov §§ 2-5](#), [2-6](#), [2-7](#).

§ 4 Inhabilitet

For reglar om inhabilitet, gjeld [NIFs lov § 2-8](#).

§ 5 Vedtaksførhet, flertallskrav og protokoll

For reglar om vedtaksførhet, flertallskrav og protokoll, gjeld [NIFs lov § 2-9](#).

§ 6 Refusjon av utgifter og godtgjerelse

For reglar om refusjon av utgifter og godtgjerelse, gjeld [NIFs lov § 2-10](#).

§ 7 Reknskap og revisjon mv.

For reglar om reknskap og revisjon mv., gjeld [NIFs lov §§ 1-7](#), [2-11](#), [2-13](#) og [2-14](#).

§ 8 Idrettskretstinget

- (1) Idrettskretsen sitt høgaste styringsorgan er idrettskretstinget, og det heldast året før/etter Idrettstinget innan utgangen av mai.
- (2) Ordinært og ekstraordinært kretsting gjennomførast i samsvar med denne lova og [NIFs lov §§ 2-15, 2-16, 2-17, 2-19, 2-20, 5-6, 5-7](#) og [5-8](#).

§ 9 Møterett, talerett, forslagsrett og stemmerett

- (1) Forslagsrett til idrettskretstinget:
 - a) Styret
 - b) Eit organisasjonsledd med representasjonsrett
 - c) Kontrollutvalet, innanfor sitt arbeidsområde
 - d) Valkomitéen, innanfor sitt arbeidsområde
- (2) Møterett, talerett, forslagsrett og stemmerett på idrettskretstinget:

- a) Styret
- b) Representanter etter følgende skala:

1) 75 representantar frå idrettsråda

Dei 75 representantane frå idrettsråda fordelast etter tal medlemar ved siste avslutta samordna rapportering. Fordelinga er slik:

- i) Alle idrettsråd med idrettslag i fylket 1 representant.
- ii) 5 tilleggsrepresentantar til idrettsråd med 50 000 medlemar eller meir.
- iii) 3 tilleggsrepresentantar til idrettsråd med 10 000 medlemar opptil 49 999.
- iv) 2 tilleggsrepresentantar til idrettsråd med 5 000 medlemar opptil 9 999.
- v) For å oppnå 75 representantar totalt frå idrettsråda, tildelast dei resterande representantane med 1 tilleggsrepresentant til idrettsråd med mindre enn 5 000 medlemar. Det idrettsrådet med høgst tal registrerte medlemar får 1 tilleggsrepresentant først.

(2) 75 representantar frå særiddrettane

Dei 75 representantane får særiddrettane fordelast etter tal idrettslag/grupper ved siste avslutta samordna rapportering, og fordelast slik:

- i) Alle idrettar (særkretsar/regionar/forbund) med aktivitet i fylket 1 representant
- ii) 3 tilleggsrepresentantar for idrettar med aktivitet i 250 idrettslag eller meir
- iii) 2 tilleggsrepresentantar for idrettar med aktivitet i 100 idrettslag opptil 249 idrettslag

- iv) 1 tilleggsrepresentant for idrettar med aktivitet i 50 idrettslag opptil 99 idrettslag
- v) For å oppnå 75 representantar totalt frå særiddrettane, tildelast dei resterande representantane med 1 tilleggsrepresentant til idrettar som har aktivitet i mindre enn 50 idrettslag. Den idretten med aktivitet i høgst tal idrettslag får 1 tilleggsrepresentant først.

Fordelinga av representantar vert gjort av idrettskretsen sitt styre og kunngjerast seinast ved innkalling til idrettskretstinget.

Representantar må være meldt idrettskretsen seinast ei veke før tinget.

- (3) Møterett, talerett og forslagsrett på idrettskretstinget i dei saker som ligg innanfor komiteens/utvalet sitt arbeidsområde:
 - a) Kontrollutvalets medlemmar
 - b) Valkomiteén sine medlemmar
 - c) Leiarane i dei andre tingvalde organa, eventuelt nestleiar eller medlem dersom leiar er forhindra frå å møte
- (4) Møterett og talerett på idrettskretstinget:
 - a) Revisor, i saker som ligg innanfor sitt arbeidsområde.
 - b) Idrettskretsen sin organisasjonssjef.
 - c) Representant frå NIF.

§ 10 Idrettskretstinget sine oppgåver

Idrettskretstingets oppgåver:

1. Godkjenne de frammøtte representantane.
2. Velje dirigent(ar).
3. Velje sekretær(er).
4. Velje to representantar til å underskrive protokollen.
5. Godkjenne innkallinga.
6. Godkjenne saklista.
7. Godkjenne forretningsorden.
8. Behandle idrettskretsen si årsmelding.
9. Behandle idrettskretsen sin reknskap i revidert stand, styrets økonomiske rapport, revisors sin rapport og kontrollutvalet sin rapport.
10. Behandle langtidsplan og langtidsbudsjett for idrettskretsen.
11. Behandle forslag og saker.
12. Engasjere statsautorisert/registrert revisor til å revidere kretsen sin reknskap.
13. Behandle retningslinjer for fordeling av dei midlane som er til disposisjon for kretsen.
14. Gjere følgande val:
 - a) Styreleiar og nestleiar.
 - b) 4 styremedlemmar og 2 varamedlemmar. Minst eitt styremedlem skal vere under fylte 26 år pr. 31. desember det året valet vert halde.
 - c) Kontrollutvalg med leder, et medlem og to varamedlemmer.

- d) Representantar til Idrettstinget, eller gi styret fullmakt til å oppnevne representantar.
- e) Valgkomité med leiar og 2 medlemar og eitt varamedlem for neste idrettskretsting. Minst eitt medlem skal vere under fylte 26 år pr. 31. desember det år valet vert halde.

Leiar og nestleiar veljast enkeltvis. Dei andre medlemane til styret veljas samla først og deretter veljas varamedlemane samla. Der det veljas fleire nestleiarar/ varamedlemar skal det veljast 1. nestleiar/varamedlem, 2. nestleiar/varamedlem osv.

I tillegg skal dei tingvalde styremedlemane består styret av ein tilsettrepresentant som veljast blant idrettskretsens sine tilsette. Representanten har personleg varamedlem.

Leiar til kontrollutval veljast først. Deretter veljast medlemen. Deretter veljast varamedlemane samla.

Leiar til valkomité veljast først. Dei to medlemane til valkomitéen veljast samla og deretter veljast varamedlemen.

For regler om stemmegivningen på idrettskretstinget, gjelder [NIFs lov § 2-21](#).

§ 11 Idrettskretsen sitt styre og organisasjonssjef

For reglar om idrettskretsen sitt styre og organisasjonssjef, gjeld [NIFs lov §§ 5-11](#) og [5-12](#).

§ 12 Lovendring

For reglar om lovendring, gjeld [NIFs lov § 2-2](#).

§ 13 Oppløysing

For reglar om oppløysing, gjeld [NIFs lov § 5-1](#).